



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Arild Spissøy, 5557 2198

Vår dato
08.03.2017
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2017/3323 520
Dykkar referanse
«REF»

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Forventnings- og tildelingsbrev landbruk 2017 - Hordaland

1. Innleiing

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har gitt Fylkesmannen i oppdrag å følge opp nasjonal landbruks- og matpolitikk regionalt og lokalt. Ein del av oppdraget er å formidle kva forventningar statleg administrasjon har til forvaltninga i kommunane.

Forvaltninga på landbruksområdet er underlagt reglar om delegert forvaltning, og skil seg difor frå mykje av annan forvaltning av økonomiske virkemidlar i kommunane.

Føresegner om korleis forvaltninga i kommunane skal gå føre seg kjem til uttrykk i lover, forskrifter, rundskriv og gjeldande jordbruksavtale. Regelverket skal sikre lik praksis og eins sakshandsaming i alle kommunar og fylker i heile landet.

Jordbruksavtalen gjeld berre for eit år, og det kjem stadig nye versjonar av rundskriv og forskrifter. Kommunane skal til ei kvar tid handsame i høvet til gjeldande føresegner. Fylkesmannen vil bidra å halda kommunane oppdatert. Difor sender Fylkesmannen ein del skriv når det skjer viktige endringar i føresegnene – i tillegg til at vi held samlingar og kurs.

Dette forventningsbrevet er meint å vere ei samling av det som Fylkesmannen ser på som viktige utfordringar og presiseringar i høve til den kommunale forvaltninga av landbruksmidla i kommunane.

Brevet vert sendt til alle kommunar i Hordaland. Brevet byggjer på Fylkesmannen sitt embetsoppdrag og på jordbruksavtalen 2016 – 2017.

Vi gjer merksam på at brevet ikkje er ei uttømmende liste over kva kommunane skal gjere på landbruksområdet i inneverande år. Brevet er ei presisering av viktige ansvarsområdar som Fylkesmannen er sett til å informere om.

2. Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak.

Elektroniske søknader – (produksjons- og miljøtilskot, erstatningsordningar)

Elektroniske søknader fører til raskare og sikrare sakshandsaming. Kommunane skal bidra til å auke tal elektroniske søknader via Altinn. Skulle kommunane likevel få inn papirsøknader,

må desse registrerast i sakshandsamingssystemet for dei enkelte ordningane. Frå og med mai 2017 er det ikkje lenger råd å søkje om produksjonstilskot på papir. Det er difor naudsynt at kommunane viser velvilje til å hjelpe søkjarane til å få søknaden unna no førstkomande mai. Det kan også vere lurt å informere dei som bruker å søkje på papirskjema, kva dokumentasjon dei treng for å søkje tilskot via Altinn.

Tilgang til fagsystema i Landbruksdirektoratet

Fagsystema vert brukt til sakshandsaming i Landbruksdirektoratet. Tryggleiken til desse systema er viktig. Berre personar med behov for tilgang, skal ha tilgang. Både oppretting av nye brukarar og endring av tilgang, eksempelvis til å omfatte fleire system, skal skje skriftleg (epost). Vi ber kommunane melde frå om brukartilgangar som kan slettast.

Produksjonstilskot og avløyasing til ferie og fritid

Produksjonstilskot er tilskot til føretak som driv agronomisk god landbruksproduksjon der drifta har preg av å vere ei næring.

Det er mykje nytt i produksjonstilskotsregelverket, særleg er det mykje no i 2017. Det er viktig at kommunen set seg inn i regelverket (forskrift og rundskriv) og følgjer endringane under handsaminga av søknadene.

Fylkesmannen ber kommunane vere merksame på følgjande:

- Det er fokus på at sakshandsaminga skal vere lik over heile landet. Det vert lagt vekt på at kommunane rettleier og hjelper føretaka fram til søknadsfristen, men etter søknadsfristen er kommunen kontrollør og sakshandsamar. Det er krav til at kommunen dokumenterer vurderingane sine skriftleg.

- Føretaka skrive under på at søknaden er fullstendig og korrekt. I det nye produksjonstilskotssystemet, eStil PT, er teljedato (i år) 1. mai og 1. oktober, med søknadsfristar 15. mai og 15. oktober. Leverer søkjar i dette tidsrommet, kan han/ ho retta i søknaden i 14 dagar etterpå utan å få trekk i tilskotet. Får ikkje søkjar levert innan 15., får diverre ikkje søkjar tilskot. Det er sjølv sagt fortsatt høve til å søkje om dispensasjon frå søknadsfristen.

- Dersom føretaket gir opplysningar i søknaden som ville ført til ei høgare utbetaling av tilskot enn det føretaket har rett på, skal kommunen vurdere avkorting av tilskotet. Vurderinga skal skje i eit brev til føretaket, uansett om konklusjonen blir at tilskotet blir avkorta eller ikkje. Som hovudregel skal tilskotet avkortast, sjølv om søkjar ikkje gjorde det med vilje for å få ut meir tilskot.

- Kommunane skal plukke ut *minst* 5 prosent av søkjarane til stadleg kontroll, gjerne fleire. Kontrollen av produksjonstilskott er ikkje lenger ein stikkprøvekontroll. Kommunen skal plukka ut føretak etter ei risikovurdering. Risikobasert utplukk inneber at kommunen må vurdere sannsyn for at avvik kan inntreffe, og mulige konsekvensar dersom slike avvik skjer. Kommunen må kunne dokumentere risikovurderingane som ligg til grunn for utplukket. Sjå meir om dette i rundskriv om kontroll.

- Kommunane må vere spesielt merksame på kravet om vanleg jordbruksproduksjon. Varselmeldingar som seier at føretak har liten produksjon i forhold til dyretal eller areal, skal

følgast opp og vurderast. Fylkesmannen vil minne om brev sendt til kommunane i mai 2015 om retningslinjer for låg produksjon på sau.

- Kommunane må følgje opp mistankar om driftsfellesskap og kontrollere aktuelle føretak.
- Føretak som ikkje kan vise fram gjødselplan eller sprøytejournal ved kontroll, eller der ein eller begge er mangelfulle, skal få avkorta arealtilskot og kulturlandskapstilskot.
- Det er endra krav til sprøytejournal. Journalen skal vere meir omfattande enn tidlegare. Mellom anna skal den innehalde vurderingar i høve til ureining til vassdrag og integrert plantevern.
- Føretak kan få avløysartilskot på bakgrunn av kostnader til avløyning gjennom avløysarlag, avløysar som føretaket sjølv har arbeidsgjevaransvar for, eller arbeid som andre føretak utfører for bonden. Føretaket må kunne dokumentere utgiftene og det må gå klart fram av fakturaen kor mykje som er arbeidskostnader og kor mykje som er andre kostnader.
- Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar er nytt av året. Tidlegare var det kun tilskot til bevaringsverdige storferasar. Tal bevaringsverdige mjølkekyr vert kontrollert direkte mot kukontrollen/ genressurssenteret. Når det gjeld ammekyr, sau, geit og hest vert det ikkje føreteke ein maskinell kontroll. At dyra faktisk er av bevaringsverdig rase, må kommunane kontrollere anten ved stadleg kontroll eller at de føreteke papirkontroll på alle føretak som søker om tilskot til dette.

Tidlegpensjon for jordbrukarar

Jordbrukarar som har fylt 62 år, og som har drive jordbruk i minst 15 år, kan få tidlegpensjon. Det vert stilt krav til inntekt i ein referanseperiode på fem år, sjå Landbruksdirektoratet sine heimesider for detaljer. Det er ein føresetnad at landbrukseigedommen er overdrege til ny eigar eller at forpaktingsavtalen er oppsagt. Ny eigar kan ikkje vere ektefelle/sambuar. Det er også mogleg å ta ut tobrukarpensjon, då må ektefelle/sambuar ha fylt 57 år før utbetaling kan starte. Både brukar og ektefelle/sambuar må fylle alderskrava før det vert utbetalt tidlegpensjon. Ektefelle/sambuar må ha budd og arbeidd på landbrukseigedommen dei siste fem åra. Sjå *forskrift av 1.1.1999* og *rundskriv 2015-42*.

Sjukdomsavløyning

Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv, skal bidra til å finansiere avløyning i føretak som driv husdyrproduksjon eller heilårsproduksjon i veksthus. For føretak som driv plante- eller honningproduksjon kan ein bidra til finansiering av avløyning i onnetida.

Erstatningsordningane

Kommunane må ta imot melding om mogleg avlingssvikt på grunn av klimatiske tilhøve, og føre logg over dette. Når føretaket har søkt erstatning, skal kommunen gi uttale til søknaden. Kva denne uttalen minimum skal innehalde kjem fram av regelverket. Kommunen skal også kontrollere opplysningane i søknaden og at dokumentasjon er lagt ved. Sjå Landbruksdirektoratet sitt Rundskriv 2016-29. Sakshandsaming skjer i det elektroniske sakshandsamingssystemet ELF.

Meir info: [Fylkesmannen si nettside](#).

[Erstatningsordningar]

Kommunal veterinærteneste.

Kommunen skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tenester fra dyrehelsepersonell, og kommunen har ansvaret for å organisere ei klinisk veterinæravdeling i sitt område. For at kommunane skal vere i stand til å organisere desse oppgåvene, ytes det ulike tilskot:

- Vakt- og administrasjonstilskot vert fordelt av Landbruksdirektoratet, men utbetalt av Fylkesmannen. Vakttilskotet gjeld for veterinære tenester utanfor ordinær arbeidstid.
- Stimuleringstilskot vert fordelt av Fylkesmannen til ein kommune eller til eit samarbeid med fleire kommunar. Tilskotet skal bidra til å sikre tilfredsstillende tilgang på veterinære tenester i næringssvake områder.

3. Krav til kontrolltiltak

Kontroll skal vere ein viktig del av kommunen sitt arbeid på landbruksområdet. Kommunen skal utføre stadleg kontroll hos landbruksføretaka for å kontrollere at opplysningar gitt i søknadene stemmer. Minimum 5 prosent av føretaka skal kontrollerast mot produksjonstilskott kvart år.

Tidlegare kontrollar har synt at det er noko misforhold mellom det som er oppgjeve i Søknad om tilskot og dei faktiske tilhøva på gardane. I kontrollarbeidet skal ein vektleggje kontroll med produksjonstilskot og miljøtilskot. Alle føretaka skal vurderast i forhold til «driftssamarbeid», og i forhold til «vanleg jordbruksproduksjon». Ved indikasjonar om brot på desse føresetnadene, skal dette kontrollerast.

Dersom kontrollen avdekkjer brot på regelverket, skal det sanksjonast. Sanksjonsmidlar kan vere tilbakehald, avkorting av tilskot og/eller at føretaket vert meldt til politiet for bedrageri.

Kommunen skal ha ein plan for kontrollarbeidet. Denne planen skal innehalde ei risikovurdering som grunnlag for dei føretak som vert kontrollert. Ein kan også lage ein plan som strekker seg over fleire år der det vert fokusert på ulike typar føretak, eller ulike typar tilskottsordningar, med det mål at søknadene frå føretaka skal verte korrekte på sikt. Slike årlege aksjonar kan ha god effekt.

Fylkesmannen gjennomfører kontrollar av kommunane si forvaltning av verkemidlar der kommunane har delegert forvaltningsmynde. I 2017 planlegg Fylkesmannen å gjennomføre forvaltningskontrollar i 9 kommunar.

4. Skogbruk

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Landbruksdirektoratet har for 2017 gjeve Hordaland ei ramme på 2 millionar kroner til skogkultur. Ramma er auka med 500 000 kroner i høve året føre. Midlane skal fordelast til kommunane i 2017. Den kommunevise fordelinga av NMSK-midlane går fram av budsjettfordeling i Økonomisystem for skogordningane (ØKS).

Ikkje alle kommunar har behov for tilskot til skogkultur kvart år, nokre kommunar har difor i utgangspunktet ikkje fått tildeling (sjå ØKS). Midlane kan verte fordelte om mellom kommunane ved behov.

Kriterier for deling av midlar til skogkultur

Fylkesmannen oppmodar kommunane, Vestskog SA og Nortømmer AS i starten av nytt budsjettår å melde inn forventede skogkulturaktivitet. Følgjande kriterier vert lagt til grunn:

- Forventa behov for planting og ungskogpleie, basert på tidlegare års areal med hogst i kommunen.
- Forventa behov for planting som skogreising/treslagsskifte.
- Forventa behov for suppleringsplanting etter avgang/skader.

Kontroll av skogforynging

Tilfredsstillande forynging etter hogst er ein nødvendig del av et langsiktig og berekraftig skogbruk. Skogeigar er gjennom skogbruksloven pålagt å syte for dette.

Landbruksdirektoratet organiserer systematisk oppfølging og kontroll av foryngingsplikta. Kommunane utfører:

- Kommunane skal utføre resultatkontroll, jf. uttrekk frå Landbruksdirektoratet.
- Kommunane skal utføre foryngingskontroll, jf. uttrekk frå Landbruksdirektoratet.

For 2017 krev Landbruks- og matdepartementet 100 % gjennomført kontroll av kontrollane. Om kommunane ikkje utfører kontrollen vert det reduksjon i tildeling av NMSK midlar. Frist 31.12.17.

Retningslinjer for tilskot til vegbygging og drift med taubane

Ramma for tilskot til vegbygging og drift med taubane er 9,0 millionar kroner i 2017.

Retningslinjer for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane 2017, vert publisert på www.fylkesmannen.no. I vedtak om tilskot vert det sett ulike vilkår, til dømes krav om forynging av ny skog. Midlane skal nyttast der ein driv eit uthaldande skogbruk.

Fylkesmannen vil prioritere midlane til områder som har utarbeida Hovudplan skogsveg. Til no er det berre tre kommunar som har vedteke Hovudplan for skogsvegar. Skogselskapet har sendt forslag til Hovudplan til dei resterande kommunane med forslag til tekst og veglinjer. Det er krav om at det er utarbeidd vegplan med anbudsrunde før det vert gjeve tilskot til skogsvegar.

Utbetaling av tilskot til vegar skal gå gjennom kommunane som sjekkar at arbeidet er utført i samsvar med regelverket. Alle søknader om landbruksvegar skal først i ØKS, systemet for Økonomiske virkemidlar i skogbruket, jf. Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar.

I 2017 vil Fylkesmannen gjennomføre vedlikehaldskontroll av skogsvegar som vart ferdigstilt i perioden 2004 til 2009. Fylkesmannen tek kontakt med skogsveganlegg som vil bli kontrollert. Det er ønskjeleg at skogansvarleg i kommunen er med på kontrollane.

Utsiktsrydding 2017

Føremålet med tilskotsordninga er å bidra til at kulturlandskap, vegkantar og utsiktspunkt av særleg karakter, som er prioritert ut frå regionale retningslinjer, vert rydda og vedlikehalde. Virke som vert rydda skal om mogleg nyttast til bioenergi.

Tilskotet vil vere til gode for både landbruket og reiselivet. For 2017 er det i Hordaland sett av 5 millionar kroner til ordninga. Kommunane tek imot søknader om aktuelle rydningsprosjekt og skriv tilråding til Fylkesmannen. Fylkesmannen er vedtaksmynde.

For 2017 vert det to søknadsfristar, 1. mars og 1. september.

Meir informasjon om tilskotsordninga finn ein på heimesida til Fylkesmannen.

5. Næringsutvikling innan jordbruks- og bygdenæringar

Landbruksnæringa skal vere integrert i utviklingsarbeidet i kommunane. I Hordaland er det to fylkesvise planar som omhandlar prioriteringar knytt til landbruksbasert næringsutvikling:

- *Regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland 2013 - 2017*, frå Fylkesmannen, som m.a. omfattar Regionalt næringsprogram for Hordaland, og
- *Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017*, frå Hordaland fylkeskommune, som særleg tar for seg problemstillingar kring rekruttering til landbruket.

Desse plandokumenta omtaler kommunane si rolle i arbeidet med landbruksbasert næringsutvikling. Fylkesmannen har 3,6 millionar kroner i utgreiings og tilretteleggingsmidlar (UTM) til fordeling i Hordaland.

Hugs nytt elektronisk skjema ved søknader! Dette finnes på Fylkesmannen si nettside.

Kommunane er dei første til å handsama søknader om bygdeutviklingsmidlar. Ei god sakshandsaming i første line er viktig for vidare saksgang og resultat. Det er viktig at kommunane sørgjer for at landbruket får sin plass i næringsutviklingsarbeidet i kommunen. Fylkesmannen skal sjå til at kommunane integrerer landbruk i sine næringsutviklingsstrategiar.

6. Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensning

Vassforskrifta

Kommunen har ansvar for å gjennomføre landbrukstiltak etter «Tiltaksprogram for vassregion Hordaland 2016-2021». «Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021» skal bli lagt til grunn for kommunens planar og verksemd. Dette gjeld til dømes ved forvaltning av verkemiddel og oppfølging av regelverk. Vi forventar at kommunane brukar Vann-nett i sakshandsaming. Data om tilstand i vassførekomstane kan vere usikre. Kommunen er med sin lokalkunnskap viktig bidragsytar for å sikre datakvaliteten.

Meir info: [Fylkesmannen si nettside](#)

[Mindre landbruksureining til elvar, vatn og sjø]

Spesielle miljøtiltak i jordbruket

Føremålet med tilskotsordninga Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er å ivareta natur og kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket, og å redusere ureininga frå jordbruket ut over det som blir forventa gjennom vanleg jordbruksdrift. Eit viktig mål med ordninga er å få til ein målretta innsats med utgangspunkt i lokale behov, utfordringar og målsetjingar.

Landbruksdirektoratet har for 2017 gjeve Hordaland ei ramme på kr. 5,2 millionar til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), som er ei nedgang på kr 200 000 frå 2016. Nedgangen skuldast at vi framleis har for mange prosjekt med utgått arbeidsfrist i fylket.

Prosjekt med utgått arbeidsfrist:

I 2016 vart det jobba med fjerning av prosjekt med utgått arbeidsfrist i Hordaland.

Fylkesmannen skreiv at «kommunar med prosjekt som står med utgått arbeidsfrist ved utgangen av 2016, vil få redusert SMIL tilskot i 2017.» Kommunane har gjort ein stor jobb med å rydde opp i gamle prosjekt, noko oversikta over løyvde prosjekt i 2016 synar (tilskot til Hordaland 2016; kr 5,4 mill. løyvde prosjekt for kr 7,2 mill.). Likevel var det ved årsskiftet framleis 50 prosjekt med meir enn eit halvt år utgått arbeidsfrist. *Fylkesmannen vil difor trekkje attende alle prosjekt som framleis står med utgått arbeidsfrist 15.mai.* Midlar som vert

trekt tilbake vert omdisponert av Fylkesmannen. I prosjekt som ikkje vert gjennomført innan fristen, kan kommunane som før velje å trekkje attende og omdisponere innan fristane som er gjeve.

Det er ein endra SMIL-forskrift frå 1.01.2017, sjå vedlegg. Kommunen si forvaltning av midlane skal skje innanfor ramma av SMIL-forskrifta og tilhøyrande rundskriv 2015-17 frå landbruksdirektoratet. Kommunen vel dei tiltaka som vurderast å gje størst miljøeffekt ut frå prioriteringane i Regionalt miljøprogram (RMP) og lokale tiltaksstrategiar.

Tiltaksstrategi

Forskrifta for forvaltning av Spesielle miljøtiltak i jordbruket krev lokale tiltaksstrategiar for handsaming av søknadar. Alle kommunane skal ha oppdaterte tiltaksstrategiar som legg vekt på lokale utfordringar og prioriteringar. Ein skal i strategien leggja vekt på å sikre kulturlandskapet og bidra til et rikt og variert friluftsliv, bevaring av kulturminne, vern og bruk av landbrukets genetiske ressursar og tiltak mot utslepp til vatn og luft. Kommunane bør ta omsyn til vassforskrifta i tiltaksstrategien. Kommunar utan oppdatert tiltaksstrategi vil ikkje få SMIL- tilskot i 2018. *Fylkesmannen bed om å få tilsendt gjeldande tiltaksstrategi innan 15.mai.*

Kommunevis fordeling av midlar er gjort ut frå fleire kriterier, mellom anna kommunane sine egne meldingar om kommande prosjekt, innmeldte behov og omfang av midlar som står i prosjekt med utgåtte arbeidsfristar. Frist for tilbakemelding om bruk av midlane i 2017 er sett til 31.oktober.

Sjå elles vedlegg om SMIL-midlar.

Regionalt miljøtilskott og organisert beitebruk

Ramma for regionalt miljøtilskott (RMP) og organisert beitebruk (OBB) vert fastsett av jordbruksavtalen. Søknadsfristar i 2017 er uendra, for regionalt miljøtilskott (RMP) er fristen 20.september og for OBB er fristen 15.november. Kommunane skal gjere ordninga kjend for føretaka i kommunen.

Kontroll av miljøtilskott: vi minner om kravet om 5% kontroll av føretaka også gjeld for miljøtilskott.

Regionalt miljøtilskott vil stort sett vere uendra i 2017. Mindre justeringar vil verte gjort for tilskott til kystlynghei og utforming av ordninga med miljøvennleg gjødsling. Fylkesmannen mottar gjerne innspel til ordningar, og endringar vert send kommunane på høyring i mars.

For å unngå feilutbetalingar ber vi om at kommunane er særleg merksame på

- At føretaka har gjødslingsplan og sprøytejournal; Mangel på desse skal automatisk føre til trekk.
- Feil i søknaden; Feilopplysningar som kan føre til for mykje utbetaling er grunnlag for avkorting.
- Miljøvennleg gjødsling med nedlegging og tilførselsslange; Det er eit krav at føretaka nyttar begge deler for å ha rett på tilskott. Det er og eit krav at gjødslinga skal vere utført innan 10.august og 'at gjødsellagera skal vere tømt' – dvs. at det ikkje skal gjødslest før neste vekstsesong. Søkjar skal føre logg over spreinga.
- Miljøavtale; Vi ber om at krav om gjødslingsjournal vert spesielt fylgd opp i denne ordninga.

- Tilskot til kystlynghei skal gjevast til areal som er i god hevd. Dvs. at ein må vurdere om skjøtselen er god nok til å vere berettiga tilskot. Tilskot til areal som er brent vinteren 2016/2017, vil i år få høgare sats.
- Tilskot til skjøtsel av artsrik slåttemark og tilskot til beite av biologisk verdifulle areal skal vere registrert i naturbase.no

I samband med revisjon av Regionalt miljøprogram vil det i år verte gjennomført statusvurderingar i einskilde ordningar.

Regionalt miljøtilskot skal forvaltast etter

- Forskrift om miljøtilskot i Hordaland (revidert, vert fastsett 1.7.2017)
- Rettleiingsheftet for miljøtilskot i Hordaland 2017 (vil føreligge til 1.august)
- Landbruksdirektoratet sitt Rundskriv om forvaltningsrutinar for regionale miljøtilskudd (nytt rundskriv som avløyser rundskriv 2016-9 ventes i feb./mars)

Rundskriv 1/2017. Til forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Hordaland (vil føreligge 1.august, avløyser rundskriv 1/16).

Tilskot til drenering

For å motivere til økt dreneringsaktivitet har kommunen ei viktig rolle når det gjeld å formidle informasjon og rettleiing om ordninga. Kommunen skal lyse ut tilskot til drenering av jordbruksjord og fastsetje søknadsfrist. Det er utarbeidd eige søknadsskjema som skal nyttast. Vedtak blir fatta av kommunen. Kommunevis fordeling går fram av vedlegg. Midlane er fordelt ut frå same kriterier som tidlegare år. Vi har ytterligare midlar til fordeling. Desse kan bli tildelt fortløpande til kommunar som ser behov for ekstra midlar i løpet av året.

Kopi av vedtaksbrev og *fullstendig* utfylt søknadsskjema frå tiltakshavar, sendast *samla* til Fylkesmannen, så snart vedtaket er fatta. Fylkesmannen sender ut saldokort for kvart prosjekt. Saldokort er kvittering for mottatt søknad, og kommunen kontrollerer at dette er korrekt. Det skal aldri vere prosjekt med utgått arbeidsfrist i systemet. Arbeidsfristen kan maksimalt vere 3 år, og er ikkje mogleg å forlengje, jf. forskrifta. Kommunen må trekkje attende ubrukte løyvingar, og kommunen kan omdisponere desse midla. Unyttta midlar på slutten av året blir trekt inn av Fylkesmannen og omdisponert saman med ramma for neste år. 10. november er frist for å sende vedtak til Fylkesmannen for registrering i fagsystemet, jf. arbeidsfristar og unyttta midlar på slutten av året.

Meir informasjon: [Fylkesmannen si nettside](#)

[Tilskot til drenering av jordbruksjord]

Autorisasjon plantevern

Kommunen må:

- Vurdere vilkår for å kunne få autorisasjonsbevis, inkl. yrkesmessig behov.
- Tinge bevis; Oppdatere autorisasjonsdatabasen med kven som skal få bevis.
- Halde eksamen. Kommunen kan krevje utbetaling frå Fylkesmannen på slutten av året.

Kommunen får tilsendt lister med kven som har bestått fysisk eksamen og ønskjer å få autorisasjonsbevis. Kommunen vurderer så vilkår, og tingar eventuelt bevis for dei som er *busette* i kommunen, uavhengig av kor eksamen er teke og uavhengig av om behovet for bevis er grunnlagt med arbeid i annan kommune. Hobbydrift og skjøtsel av kulturlandskap kvalifiserer ikkje til å vere yrkesmessig behov. Kommunen får brukartilgang til databasen frå

Mattilsynet. Dei som har bestått fysisk eksamen, får kursbevis tilsendt frå Fylkesmannen. Dette er *ikkje* gyldig som autorisasjonsbevis. Dei som tek eksamen på nett får beskjed om å ta kontakt med kommunen direkte for å få autorisasjonsbevis.

Meir info: Brev frå Fylkesmannen, 9.2.2016 «Plantevern – autorisasjon og bruk – informasjon til kommunane».

7. Klimautfordringene

Både jordbruket og skogbruket har viktige roller i arbeidet mot klimaendringane. Fylkesmannen ber om at utfordringar og tiltak innan landbruket vert teke med, og følgt opp i kommunane sine klimaplanar. For skogbruket kan dette omfatte CO₂-binding i veksande skog, bruk av tre som byggemateriale og bruk av trevirke som energikjelde. Ved utarbeiding eller revisjon av kommunen sin klima- og energiplan er det m.a. naturleg å sette fokus på gjødsling, tiltak som reduserer utslipp til luft frå husdyrgjødsel, samt auka bruk av bioenergi.

Fylkesmannen i Hordaland har 350 000 kroner i prosjektmidlar til utgreiingsprosjekt og informasjonstiltak på miljøområdet. Kommunar og andre kan søke om midlar dersom dei ønsker å gjennomføre informasjonstiltak på miljøområdet, sjå:

<https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Tilskot-til-klima--og-miljotiltak-i-jordbruket/>

8. Økologisk landbruk

Den nasjonale målsettinga om at 15 prosent økologisk innan 2020, er foreslått fjerna. Ønsket om meir økologisk produksjon og forbruk ligg fast.

Det er framleis høgare satsar for økologisk produksjon og kommunane bør framleis vere aktive med å informere om moglegheitene innan økologisk dyrking og produksjon. Fylkesmannen i Hordaland er Føregangsfylke for arbeid med å auka produksjonen av økologisk frukt og bær. Meir om dette kan ein lese om på nettsida til Fylkesmannen.

I 2017 trer det i kraft endringar i regelverket for økologisk landbruk. les meir om dette her: http://www.mattilsynet.no/planter_og_dyrking/okologisk/naa_kommer_nytt_regelverk_for_okologisk_produksjon.23984?utm_campaign=Nyhetsbrev&utm_medium=Epost&utm_source=Mattilsynet&utm_term=Naa_kommer_nytt_regelverk_for_oekologisk_produksjon&utm_content=oekologisk%2C_oekologisk

Debio kontrollerer at gardbrukarane driv økologisk etter regelverket for økologisk landbruk i Noreg, men det er kommunane sitt ansvar at dei er oppdaterte om kva økologisk drift er for dei mest relevante produksjonane i kommunen. I tillegg har dei eit ansvar for å kontrollere at produsentane som driv økologisk har godkjenning i Debio, for å kunne motta tilskot for den økologiske drifta. Ein kan søkje opp produsentane og sjekke kva dei har debio-godkjenning for, i dette registeret:

<https://portal.debio.no/ACM/faces/form/portal/tools/partnercertsearch.xhtml>

9. Eigedom

Lovforvaltning.

Kommunane skal fatte vedtak etter jord- og konsesjonsloven. Kommunen sitt mynde går fram av forskrift frå LMD 8. desember 2003 og Rundskriv M-6/2003. (Oppgåvene til

fylkeslandbruksstyret blei overført til Fylkesmannen frå 01.01.2010. Rundskrivet er ikkje oppdatert med denne endringa).

Vi minner om at det er komen eit nytt rundskriv som omhandlar prisvurdering: *M-2/2016 Endring i rundskriv M-2/2012. Priser på landbrukseiendommer ved konsesjon. Nedre beløpsgrense for prisvurdering ved konsesjonsbehandling av bebyggt eigedom*. Her heiter det at for konsesjonspliktige landbrukseiendomar kor kjøpesummen er under kr. 3 500 000 fell prisvurderinga heretter bort.

Driveplikt.

Frå juli 2009 har grunneigarar ei varig plikt til å halde dyrka mark i drift, enten som sjølvstendig drift eller utleige på minimum 10 år med skriftleg avtale. Det er kommunane sitt ansvar å sjå til at driveplikta vert overheldt.

Gardskart.

Gardskartprosessen i Hordaland er slutført. Dette inneber at det er etablert gardskart for alle kommunar i Hordaland. Vidare fokus rettast mot ajourhald. Kommunane skal ha kontinuerleg ajourhald og kvalitetssikring av AR-5, matrikkel og landbruksregisteropplysningar. Det er viktig at kommunane oppdaterer opplysningane i AR5 og fangar opp endringar i arealstatus grunna bruksendring, utbygging eller tidlegare feilføring. Fylkesmannen i Hordaland vil årleg, i samarbeid med Nibio, tilby relevante kurs i ajourhald av AR-5. Dette vil skje på hausten 2016.

KOSTRA

Kommune-Stat-Rapportering (KOSTRA) skjer på eige skjema. Føremålet er å gje statistikk om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar og fylkeskommunar. Fylkesmannen er ikkje direkte involvert i denne rapporteringa, men vil likevel minne kommunane på krava til rapportering for oppdatering av viktig statistikk. Landbruksdirektoratet svarer på spørsmål om rapportering og utfylling av skjema.

10. Kompetansebehov

Fylkesmannen ønskjer å arrangera kurs og samlingar som er i samsvar med behova i kommunane. Vi ber kommunane melder inn ynskje ift tema for slike kurs / samlingar.

11. Rapportering og fristar:

For 2017 er det nytt system og nye fristar for teljedato og søknad om produksjonstilskot. Det er to søknadsfristar og éin utbetaling i det nye produksjonstilskotssystemet, sjå:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/nytt-system-for-soknad-om-produksjonstilskudd-fra-2017>

I 2017 blir søknadsfristane 15. mai, med teljedato 1. mai, og 15. oktober, med teljedato 1. oktober. Når du skal søke om tilskot, avhenger av kva du søker tilskot for. Utbetaling skjer i februar året etter søknadsfristane. Frå og med 2018 vil søknadsfristane vere 15. mars (med teljedato 1. mars) og 15. oktober (med teljedato 1. oktober).

Utgreiingsprosjekt og informasjonstiltak på miljøområdet: 15. mars

Trekke inn SMIL-midlar i prosjekt som framleis står med utgått arbeidsfrist: 15. mai

Sende tiltaksstrategi for SMIL: 15. mai

Søknad om utgreiings og tilretteleggingsmidlar (UTM): 15. april og 15. oktober

Rapportering om bruk av SMIL- midlar: 31 oktober
Tilbakemelding midlar til dreneringstilskot: 15. oktober
Siste frist for innsending av SMIL-vedtak med naudsynt dokumentasjon for registrering i fagsystemet: 10. november.
Resultatkontroll, jf. uttrekk frå Landbruksdirektoratet – skog: 31. desember
Foryngingskontroll, jf. uttrekk frå Landbruksdirektoratet – skog: 31. desember

Med helsing

Lars Sponheim
fylkesmann

Åse Vaag
landbruksdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sjå vedlegg for fordeling av midlar til drenering 2017, SMIL 2017, endringar SMIL, og bruk av RMP og SMIL i 2016.